



Opplæringsavdelinga  
Hordaland Fylkeskommune

### **Tilbakemelding frå Hjeltnes vgs på prognoseinntaket 2015**

Skulen ser at det diverre ikkje er grunnlag for å starta opp att Vg1 naturbruk.

Vg2 Blomsterdekoratør har 9 primærskolar, av desse 4 frå andre fylkje, truleg Sogn og Fjordane som ikkje har dette tilbodet i eige fylke. Dei vil då kunna kjøpa plassar frå HFK. Sjølv om klassen ikkje vert full, vil me starta opp tilbodet. Elevtalet vert omlag som i år då me har 9 elevar. Næringa har hatt positiv utvikling dei siste åra og etterspør lærlingar.

Vg2 Anleggsgartner har fått 9 primærskolar, 1 av desse frå anna fylke. Her er det teke inn 14 elevar. Dersom det ved opptak kjem fleire eller at nokon søker i etterkant, kan me auka elevtalet opp til 18 og framleis ha ei basisgruppe.

Næringa er i vekst og etterspør lærlingar. Til no i år har om lag halvparten av elevgruppa på 20 , fått læreplass allereie.

Sjølv om dette totalt sett vert ei lita elevgruppe skal me greia å få til eit godt undervisningsopplegg for dei. Det er ingen andre skular som har desse tilboda og elevane som har søkt har ein fullføringsrett. Skulen er inne i ei omstilling, som vert avklara i høve til Mulighetsstudiet og politisk vedtak i juni 2015. Fylkestinget vedtok som ein del av skulebruksplanen i 2013 at : « Hjeltnes vgs vert oppretthalden som eiga eining fram til 2016, jfr. pkt 6c.»

Ein nedgang frå 3 til 2 klassar vil gje oss overtal blant pedagogisk personale. Me må og sjå på administrative og merkantile ressursar om det er mogeleg å skjera ned her. Me vil så snart som mogeleg etter tilbakemelding frå Opplæring rekna på dette. Me ser og at politisk vedtak i høve til Mulighetsstudiet kan gje oss ekstra arbeid i høve til omstilling.

Økonomien vil verta ei utfordring komande skuleår og eg ber om at Opplæring i lag med skulen finn ei god løysing dette året sidan me er i omstilling.

Hjeltnes 20.mars 2015

Gunnbjørg Øyre  
rektor